

Saksbehandlar: Statens vegvesen Region vest, Samferdsleavdelinga  
Sak nr.: 14/6610-1

## **Omklassifisering fv. 57 Nishammaren**

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for samferdsle til å gje slik tilråding:  
Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. 250 meter gamal fylkesveg ved Sæternes og 450 meter gamal fylkesveg ved Nishammaren blir omklassifisert til kommunal veg fram til bom for vinterstengd gang- og sykkelveg.
2. Kommunen tek over ansvaret for veglenkene når avtalt arbeid er utført.
3. Endra kostnader som følgje av omklassifiseringa blir teke til vitande.

Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:

FU-sak 44/2013 Omklassifisering av vegnettet som følgje av Dalsfjordsambandet  
Referat frå synfaring status på restarbeid for omklassifisering frå fylkesveg til kommunalveg  
Dalsfjordsambandet, 10. juli 2014.

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn for saka**

Grunnen for at saka er fremja

Omklassifisering av vegnettet som følgje av Dalsfjordsambandet vart handsama i Fylkesutvalet 5. juni 2013. Det vart gjort ein feil i denne saka, slik at heile den gamle fylkesveg 57 forbi Nishammaren vart nedklassifisert til vinterstengd gang- og sykkelveg. Det er nokre eigedomar i kvar ende av strekinga som må ha tilkomst heile året. Desse blir føreslegne nedklassifiserte til kommunal veg.

Det vart også opplyst om for låge kostnader for å halde vegen open frå april/mai til september/oktober i sommarhalvåret, samt sette i stand belysning av dei gamle Nishammartunnelane.

Fylkeskommunen kan gjere vedtak om at fylkesveg skal leggjast ned eller gjerast om til kommunal veg etter at kommunen har uttala seg, jf. Veglova § 7:

*«Etter at fylkeskommunen – i Oslo kommunen – har uttala seg, kan departementet gjere vedtak om at riksveg skal leggjast ned eller gjerast om til fylkesveg eller til kommunal veg.*

*Etter at kommunen har uttala seg, kan fylkeskommunen gjere vedtak om at fylkesveg skal leggjast ned eller gjerast om til kommunal veg.*

*Kommunen kan gjere vedtak om at kommunal veg skal leggjast ned.*

*Vedtak etter første og andre ledd kan likevel ikkje settast i verk utan at vegen oppfyller tekniske krav etter nærare retningsliner gitt av departementet.»*


### Historikk - tidlegare vedtak

I FU-sak 44/13 Omklassifisering av vegnettet som følgje av Dalsfjordsambandet vart det gjort følgjande vedtak:

1. «0,3 km fylkesveg som tilkomst til Dale ferjekai vert nedklassifisert til kommunal veg.
2. 0,3 km fylkesveg som tilkomst til Eikenes ferjekai vert nedklassifisert til kommunal veg.
3. Askvoll kommune overtek kaiområdet på Eikenes etter at teknisk utstyr er demontert.
4. Fjaler kommune overtek kaiområdet i Dale etter at teknisk utstyr er demontert.
5. Gamal fylkesveg forbi Nishammaren får status som vinterstengd gang- og sykkelveg, eigd og drifta av fylkeskommunen.»

### Sentrale problemstillingar

Statens vegvesen og Fjaler kommune er samde om at 250 meter gamal fylkesveg ved Sæternes og 450 meter gamal fylkesveg ved Nishammar blir omklassifisert til kommunal veg fram til bom for vinterstengd gang- og sykkelveg. Før overtakinga er det semje om at det blir lagt nytt dekke og rydda opp i trafikale tilhøve på strekninga. Dette arbeidet er sett i gang.



I FU-sak 44/13 var det lagt til grunn at kostnaden med driftstiltak som reinsk av grøfter og stikkrenner, samt fjerning av element i vegbana vil vera i storleiken 50 000 kroner per år. Ny vurdering syner at denne truleg vil vera i storleiken 150 000 kr per år. Større ras må ryddast særskilt.

Lysanlegget i dei gamle Nishammartunnelane er i dårleg forfatning og har ikkje vore oppgradert medan vi venta på at Dalsfjordsambandet skulle opne. Vi måtte difor demontere dette på grunn av jordfeil, og etablere nytt, enklare anlegg som tilbod til gåande og syklande på strekninga. Dette er kostnadsrekna til i storleiken 1,5 mill. kr. Finansiering av dette vil vi løyse innanfor løyvde midlar i 2015.

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

### Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Omklassifiseringa inneber noko høgare kostnader enn vi har opplyst om tidlegare. Dette er kostnader som blir dekkja innanfor det som er løyvde til Dalsfjordsambandet og dekkebudsjettet, og medfører såleis ikkje at vi går ut over kostnadsramma som er gitt for prosjektet.

Vinterstengd gang- og sykkelveg vil medføre noko ekstra kostnader i driftskontrakten for Hafs, særleg om våren før vegen kan opnast, men dette let seg handtere innanfor rammene vi får til drift- og vedlikehald.

### **3. Konklusjon**

Omklassifiseringa av vegnettet som følgje av Dalsfjordsambandet er handsama tidlegare, og denne saka omhandlar mindre endringar som følgje av at det var noko feil og misvisande opplysningar i førre sak. Statens vegvesen og Fjaler kommune er samd i at kommunen overtek den delen av gamal fv. 57 som går fram til eigedomane på strekninga. Statens vegvesen tilrår at fylket godkjenner dette. Samstundes tilrår vi at fylkeskommunen tek endringar i kostnader til vitande, då dette i liten grad vil påverke fylkeskommunal økonomi.

Fylkesrådmannen har ikkje merknader til tilrådinga frå Statens vegvesen.